

Hei, alle!

Skal prøva meg på å gi nokre svar her.

Det er i all hovudsak Staten, ved Nærings- og Fiskeridepartementet (NFD), som eig all grunn i og rundt Longyearbyen. NFD leiger så ut tomter/parsellar til ulike aktørar på feste-avtale. For kolkraftverket sin del så er det Svalbard Energi AS (SEAS) som er festar av tomta. Det er SEAS som eig kolkraftverket m.m. Store Norske har ingen eigarforhold eller rettigheter til denne tomta.


Når noko skal byggast innanfor Longyearbyen sitt planområde så må det sendast ordniær byggesøknad til Longyearbyen lokalstyre (LL). Omtrent på same måten som ein sender byggesøknad til ein kommune på fastlandet. Vidare er det Sysselmeisteren på Svalbard (SMS) som har den tilsvarande funksjonen som Statsforvaltar (tidl. Fylkesmann) på fastlandet, og vil få alle større byggesøknadar til uttale. SMS har òg vetorett, og kan gi avslag, sjølv om LL har gitt tillatelse.

Uansett så trur eg nok at eit spm. om utbygging av kjernekraft i Longyearbyen er såpass stort og viktig at det hadde blitt løfta vekk frå lokal saksbehandling i LL, og heller blitt behandla direkte i departementa eller på Stortinget (men dette er berre min antakelse, og det finst ingen etablert praksis for slikt).

Når det gjeld plassering så skjønar eg at det kan virka fornuftig å plassera det der det allereie er eit kraftverk med infrastruktur, men eg trur nok at ei plassering litt lenger vekk frå byen hadde vore meir hensiktsmessig. Eg vil derfor anbefala dokker å sjå på det området som heiter Hotellneset, ute ved flyplassen 😊

Viss de kombinerer bruken av LL sitt Arealplankart ([lenke](#)) og Kartverket sitt eigedomskart (enten på norgeskart.no eller på seeiendom.no) så kan de få fram kven som er grunneigar og kven som er festar av alle eigedomar i Longyearbyen.

Kart frå LL sitt Arealplankart, som viser at Energiverket (kolkraftverket – med raudt kryss) ligg på eigedom 22/311. Viss ein så går til seeiendom.no og skriv inn «Svalbard-22/311» i søkefeltet får ein opp eigedomen i lista under. Klikk på denne, og på neste side klikk på «Vis grunnboken». Logg inn med BankID, og få opp utskrift av eigarforholda til eigedomen.



# Se eiendom

## Finn informasjon om en eiendom

Hvordan søker jeg? ⓘ

Søk med adresse eller matrikelnummer

Svalbard-22/311

Vil du heller finne en eiendom i kartet? Gå til [norgeskart.no](https://norgeskart.no) ↗

## Søkeresultat

Viser ett søketreff

 Eiendom

2100/22/311

Vei 609 2, 9170 LONGYEARBYEN og 2 andre veiadresser

SVALBARD



### Mons Ole Sellevold

Prosjektleder fornybar energi

Store Norske Energi AS

Mobil: 412 65 424

E-post: [mons.sellevold@snsk.no](mailto:mons.sellevold@snsk.no)

Longyearbyen, Svalbard

[www.snsk.no](https://www.snsk.no) | [Fakturainformasjon](#)

